

Sak til Samarbeidsutvalet

Går til: Medlemmene i Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde
Dato: 03.06.2022
Sakshandsamar: Samarbeidssekretariatet(SSE)
Saka gjeld: Innleggingsrapport som fyrste melding (PLO melding)
Saksnummer: 35/22

Bakgrunn for saka:

Pr i dag er det ikkje mogeleg å sende innleggingsrapport frå kommune til spesialisthelsetenesta før pasient er lagt inn i spesialisthelsetenesta og sjukehuset melder dette til kommunen.

Ei gruppe med representantar frå kommunar og spesialisthelsetenesta såg på denne utfordringa i 2018. Konklusjonen då var at det var stort ønskje om å nytte innleggingsrapport som første melding, men at dette teknisk ikkje var mogeleg. Utfordringa den gongen var at pasientane kan verta lagt inn på HUS eller HDS, og fordi dette ikkje alltid er avklart ved transport så ville innleggingsrapport kunne hamne i ein «undefinert» postkasse og ikkje være synleg for spesialisthelsetenesta.

Ny teknisk løysing gjer at det no vert opna opp for at innleggingsrapport skal kunne komme til sjukehuset inntil 24t. før pasienten kjem. Det betyr at kommunane kan sende innleggingsrapport før pasienten kjem til spesialisthelsetenesta og rapporten vil difor kunne vere registrert når pasienten kjem til mottaksavdelinga/avdeling.

Tilsette i mottak/avdeling vil då ha tilgang på viktig informasjon, t.d. informasjon om pasientens normalsituasjon og kva som har endra seg og ført til innlegging. At sjukehuset er godt informert i mottak kan bidra til å tryggje pasientar og pårørande. Det er og mogeleg å sende innleggingsrapport før elektiv behandling, noko som gjev grunnlag for at tilsette kan førebu seg. Informasjonen i innleggingsrapport må difor vere være kortfatta og tenleg for spesialisthelsetenesta og innehalde den informasjonen kommunane tenkjer er til nytte for å ivareta pasienten på ein god måte.

Alle kommunar har mogelegheit for å nytte innleggingsrapport som første melding. Ordninga er ein mogelegheit og ikkje eit krav.

Dato for oppstart er ikkje bestemt, men vert kunngjort så snart ein veit dato.

Sjå vedlagt dokument frå Vel Heim for meir informasjon.

Prosess for oppstart:

To avtalar med tilhøyrande rutinar for elektronisk meldingsutveksling regulerer i dag samhandlinga knytt til inn- og utskriving. I eksisterande rutinar står det at spesialisthelsetenesta melder til kommunen at pasient er innlagt og at kommunen deretter sender innleggingsrapport.

Når ein no opnar for innleggingsrapport som første melding må rutinane endrast for å tilpassast nye mogelegheiter. SSE har vurdert at det ikkje utløyser behov for revisjon av

tenesteavtalane som rutine for elektronisk meldingsutveksling er forankra i (tenestavtale 3 og 5 for somatikk og psykisk helse og rus).

Skal innleggingsrapporten vera til best mogeleg nytte for pasient og tilsette er det behov for at tilsette i spesialisthelsetenesta beskriv kva informasjon dei treng i den første fasen av opphaldet samt at tilsette i kommunane beskriv kva dei tenkjer er tenleg informasjon.

Tilsette i spesialisthelsetenesta og i kommunane vil ha behov for informasjon ut til tilsette om ny mogelegheit i PLO meldingane og kva informasjon det vil vera tenleg å ha i ein innleggingsrapport.

Det vert tilrådd å setje ned ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe/faggruppe med representasjon frå spesialisthelsetenesta og kommunane, med kompetanse frå klinisk arbeid samt kjennskap til den tekniske løysinga. Arbeidsgruppa skal avklare behov og utarbeide eventuelle forslag til tiltak for å betre innhaldet i innleggingsrapportar både ved akutte og elektive innleggingar (rett informasjon til rett tid).

Det vert tilrådd at SSe finn representantar til arbeidsgruppa med brei og viktig kompetanse på området både frå spesialisthelsetenesta og kommunane.

Forslag til vedtak:

Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til at det vert sett ned ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe/faggruppe slik det er skissert over.